



Så fin har utsikten vorte frå Ljosneslia mot Dimmelsvik og Rosendal! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Prosjektet som har til føremål å rydde opp i det grønne tunnelen og åpne landskapet mellom riksvegen og fjorden på utvalte strekningar i Kvinnherad er godt i gang og vil pågå vidare utover hausten.

Ein strekning i Ljosneslia er rydda. Arbeidet pågår no sør for Svoldal, opplyser skogbruksleiar Vidar Jørdre i Vestskog..

Det er teikna avtale om rydding med seks skogeigarar og to entreprenørar som skal utføre arbeidet. Utfrå inngåtte avtalar vil kostnadene i 2007 truleg bli rundt 100.000 kroner og no søker Jørdre kommunen om tilsagn på denne summen.

I samband med at nokre av felta no er rydda ferdig har han fått faktura for driftene frå entreprenørane. For å kunne halda kontroll med bruken av tilgjengelege midlar er det sett opp ei kalkyle på utgiftene i samband med prosjektet så langt.

Jørdre ber om å få betalt ut tilsvrande beløp som er påløpt for prosjektet. Ved siste månadsskifte var forbruket 35.085 kroner og 12.000 av dette var administrasjonskostnader.

Av Ola Matti Mathisen